

Ønsker du å kjøpe bilde?

Har du sett eit bilde i Firdaposten som du ønsker ein kopi av? Send e-post til foto@firdaposten.no eller ring oss på tlf. 57 75 73 00. Bilda vert trykte på glansa fotopapir i A4-storleik. Pris kr 100,- pr. stk.

Namnedagar

I dag har **Erling** og **Elling** namnedag. I morgon **Sølvi** og **Solve**. Den norrøne forma av Erling var Erlingr, truleg avleidd av jarl, høvding, jarlson. Elling er ei yngre form av Erling. Målføreforma Elling har etter kvart vike plassen for den historiske forma Erling. Sølvi er først og fremst ei norsk sideform av Sylvia eller Sylvi, men kan også vere ei kortform av Solveig. Sylvia kjem av det latinske silva (skog). Det latinske jentenamet er difor Silvia. Opphavet til Solve er ikkje frå det latinske namnet, men kjem frå norrønt *Solvi*, ei sideform til *Salve*. Avleidd av *solver*, opphavleg *sal-vér*, der *sal* betyr hus, *sal*, medan *vér* vil seie å kjempe, stride.

– Folkeparken kjem alle i byen til gode

FLORØ: Det sa ordførar Bengt Solheim-Olsen om kvifor formannskapet i Flora Kommune har tildelt Sørstrand Folkepark 1,2 millionar av UNI-midlar for utarbeiding av folkeparken.

MAIKEN AA. SOLBAKKEN
maiken@firdaposten.no

Magne Hovland og sponsorsvarleg Eirik Rostad Ness i Sørstrand Folkepark, fekk måndag overrekk ein sjekk på 1,2 av ordførar Bengt Solheim-Olsen. Folkeparken på Sørstrand er ikkje ei smal eigeninteresse, men noko alle i byen kan dra nytte av og det er ei tverrpolitisk semje om at dette er eit viktig trivselstiltak, seier ordførar Bengt Solheim-Olsen. Ei badestrand og eit uteområde som er skapt her på Sørstrand er noko vi har sakna i byen i alle år og vart først diskutert på 1960-talet. Når vi har så driftige folk som jobbar for noko

som kjem alle til gode, må vi sponse dei, seier han.

Folkeparken er i gang med det dei omtalar som «byggjesteig 2», og neste på prioritierungslista er ei bru over til øyane rett utanfor badestranda, og deretter enda ei bru ut til Flatholmen. På Flatholmen er planen å skape stupeplassar og moglegheiter for båtar kan leggje til.

No er det klart for sakhantsfest på Sørstrand, seier Hovland om jonsokfeiringa kommande laurdag.

På sankthans i 2009 vart første byggjesteig sett i gang. No er dei i gang med byggjesteig 2.

Her må vi dra fram nestformann Sigmund Frøyen. Han skulle motteke desse midlane i dag. Det er han som skal ha æra, men han hadde ikkje høve til å komme no. Han har lagt ned kolossalt mange timar og stått på for å få på plass dei nyaste utviklingane, sa initiativtakar og «Mister Sørstrand» Magne Hovland.



– Det er kjekt at prosjektet har mottå så mykje velvilje. Eg vil gje ros til teknisk etat, administrasjonen i kommunen og politikarane, sa Hovland.

SPONSAR: Eirik Rostad Ness saman med ordførar Bengt Solheim-Olsen og Magne Hovland i have at kommunen har donert 1,2 millionar, av totalt tre, UNI-midlar til Sørstrand Folkepark. I bakgrunnen ser du plassering av den kommande brua. Foto: Maiken Aa. Solbakken

PONDUS

HÅREK

EON

FLORA SAMFUNNSHUS KINO

Am. 1 t 36 min. Alle
Onsdag 20.6. kl. 18.00
Søndag 24.6. kl. 18.00

Am. 2 t 7 min. 11 år
Onsdag 20.6. kl. 20.00
– SISTE GONG!

FILMMAGASINET DAGSAVISEN

THE CABIN IN THE WOODS

Manus JOSS WHEDON (THE AVENGERS)

Am. 1 t 35 min. 15 år
Fredag 22.6. kl. 20.00
Søndag 24.6. kl. 20.15

Billetter/info:
Tlf. 57 75 60 00 / 60 52
Kjøp billetter på nett og skriv dei ut heime! Sjå www.florasamfunnshus.no